



Oras AS
Fabrikkgaten 5
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1244 - 16/19645

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
14.10.2016

Godkjenning - mellombels tilkopling til kommunalt VA-anlegg for brakke - GBNR 22/258

Administrativt vedtak. Saknr: 329/2016

Saksutgreiing:

Det er søknad, motteke 05.10.2016, søkt om tilkopling til kommunalt VA-anlegg for mellombels brakke på eigedomen gbnr 22/258 i Mjåtveit Næringspark. Brakka skal plasserast og mellombels knytast til kommunalt VA-anlegg, slik situasjonskart datert 05.10.2016 syner. På eigedomen er det gjeve løyve til oppføring av lagerbygning, sak DNT.190/2016, dagsett 06.07.2016.

Vurdering:

Søknad om mellombels tilknytning til kommunalt VA-anlegg er i samsvar med Forskrift om vass- og avlaupsanlegg i Meland kommune, §9.

Det skal betalast abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, dvs etter målt forbruk. Det skal difor installerast vassmålar. Det skal ikkje betalast eingongsgebyr for tilknytninga.

Det kan gjevast løyve til til mellombels tilknytning for eit år om gongen med høve til å søkje om vidareføring. Erklæring om ansvarsrett frå røyrleggjarføretaket Oras Bergen AS, org.nr. 915247293 er vedlagt byggesaka for lagerbygningen.

Administrasjonen har ingen merknader til at brakka vert tilknytt det kommunale VA-anlegget.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at brakke på eigedomen gbnr 22/258, i Mjåtveit Næringspark vert mellombels tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad motteke 05.10.2016 og på følgjande vilkår:

1. Tilknytninga gjeld for eit år om gongen, dvs frå 01.11.2016 til 01.11.2017, med høve til å søkje om vidareføring.

2. Det skal betalast abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd.
3. Det skal installerast vassmålar. Abonntenen må sjølv skaffa og kosta vassmålaren.
4. Straks tilknytninga er gjort må ansvarleg røyrleggjar melda frå til kommunen om vassmålarnummer, plassering og målarstand.
5. Kostnad med tilkopling og fråkopling etter bruk er søkjar sitt ansvar.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar i i byggesaka, jf pbl. §23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Sit.kart
Gebyr-regulativ
Forskrift
Vilkår for levering

Kopi til:

Semini Eiendom AS	Bønesheien 146	5154	BØNES
Sognnes Bygg AS	Litleåsveien 79	5132	NYBORG

Mottakere:

Oras AS	Fabrikkgaten 5	5059	BERGEN
---------	----------------	------	--------